



Det er dette flyet som vert brukt i ruta Stord - Oslo, no med auka flyfrekvens.

Det er godt belegg på Stordflyet på Osloruta. Lufthamnsjef Jan Morten Myklebust melder difor at frå og med torsdag 5. april vert det frekvensauke med fleire daglege flygningar Stord - Oslo. Bakgrunnen er auke i trafikken over Stord med ein karbinfaktor på over 70 %. Sjå kva lufthamnsjefen skriv:

Mandag morgon vert det ny avgang frå Stord kl. 10.00 med ankomst Oslo kl. 11.00. Ny avgang frå Oslo kl. 11.30 med ankomst Stord kl. 12.30.

Torsdag kveld vert det ny avgang frå Stord kl. 19.40 med ankomst Oslo kl. 20.40. Ny avgang frå Oslo kl. 21.10 med ankomst Stord kl. 22.10.

Billettane vert lagt i bookingsystemet i løpet av kort tid.

Osloruta har den seinare tida utvikla seg svært positivt og dei siste vekene har Stordflyet hatt ein kabinfaktor på over 70%. Nærare 900 personar reiser kvar veke med Stordflyet.

Vi er no i dialog med Stordflyet for å prøva å få til ein morgonavgang til/frå Oslo også på fredagar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal/ pressemelding

Foto: Jan Morten Myklebust